

**Fra:** Elisabeth Lillegraven  
**Sendt:** 3. mai 2018 10:57  
**Til:** Postmottak Voss kommune  
**Emne:** VS: [KARANTENE] Innspel frå Sameie Kyrkjebø til planprogram for offentlig områdeplan Vossevangen

**Viktighet:** Lav

**Fra:** Knut Karevoll [mailto:knut@karevoll.no]  
**Sendt:** 2. mai 2018 22:53  
**Til:** Elisabeth Lillegraven <elisabeth.lillegraven@voss.kommune.no>; Postmottak Voss kommune <postmottak.voss@voss.kommune.no>  
**Emne:** [KARANTENE] Innspel frå Sameie Kyrkjebø til planprogram for offentlig områdeplan Vossevangen  
**Viktighet:** Lav

Att.: Elisabeth Lillegraven

Ordinært årsmøte i Sameie Kyrkjebø den 26.04.2018 hadde oppe sak om planprogram for off. områdeplan for Vossevangen. Årsmøtet gjorde slikt vedtak:

*Innspel frå Sameie Kyrkjebø til planprogram for offentlig områdeplan Vossevangen*

- 1.«Bystøy» dvs forslag til begrensingar på opningstidene for støyande restaurant -og pubverksemder, spesielt på kvardagar, i område der ein ynskjer å ha mange bustadar.*
- 2.Opna for bygging av balkongar mot baksida / gardsrom i bygg som Kyrkjebø for å auka kvaliteten og attraktiviteten på bustadar, spesielt viktig for husvære som ikkje ergjennomgåande og er aust og nordvendte. Kyrkjebø sin fasade mot Vangsgata bør bevarast slik den er, men på fasaden mot gardsrommet som er privat og ikkje synleg frå offentlig stad, bør ein kunna tillata mindre balkongar som er reversible og ikkje gjer inngrep i verneverdige konstruksjonar.*
- 3.For å gjera sentrum meir attraktivt for fastbuande og tilreisande, bør det stillast strengare krav til at fasadar på gateplan skal vera opne og publikumsretta, dette for å gjerasentrum meir levande og kjennast tryggare når ein går og oppheld seg i sentrum.*
- 4.Skal ein få fleire fastbuande og spesielt barnefamiljar til å bu i sentrum må det leggjast til rette for fleire trygge og attraktive private og offentlege leike- og opphaldsområde for barn. Det er og behov for sentrumsnære barnehagar med høg kvalitet om Voss sentrum og skal vera attraktivt plass å bu for småbarnsforeldre som jobbar i Bergen.*
- 5.I inversjonsperiodar er luftkvaliteten i sentrum dårleg, spesielt for dei som bur og jobbar her og har luftvegsproblem. Som avbøtande tiltak bør det leggjast til rette for mindre og meir miljøvenleg bilbruk, m.a. bør einleggja til rette for parkeringsplassar for bildelering i sentrum og det bør stillast krav om ladepunkt for el-bilar ved alle nybygg og større ombyggingar slik ein f.eks krev i Bergen.*
- 6.Prestegardsmoen må sikrast som attraktivt friluftslivs- og rekreasjonsområde med dagens avgrensing.*